

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKLALLING

Dato: **måndag 14. september 2020**

Tid: **kl. 18.00**

Sted: Sveio kommunehus, **kommunestyresalen**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som SMS til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Rogaland Revisjon IKS er invitert til å presentere selskapet fra kl. 18.00 til 18.30

Saksliste:

19/20 Godkjenning av protokoll fra møtet 14.06.20

20/20 Orientering fra administrasjonen – kommunalsjef helse og omsorg

21/20 Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt reglement – 2. gongs handsaming

22/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Sveio kommune

23/20 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 – Sveio kommune

24/20 Val av revisjon fra 01.07.21 – konkurransbasert eller interkommunalt samarbeid

25/20 Budsjett 2021 - kontrollarbeidet i kommunen – utvalet sitt framlegg

26/20 Revisor si eigenerklæring for 2020

27/20 Referat- og orienteringssaker 14.09.20

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 07.09.20

Ole Ørjan Hov
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(invitert/kalla inn)
Varamedlemmer	(til orientering) og presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.06.20	19/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.06.20

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll fra møtet i Sveio kontrol- og kvalitetsutval 22.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll fra møtet 22.06.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll fra kontrollutvalet sitt møte den 22.06.20 følgjer vedlagt.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 07.09.20

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekreterær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **22. juni 2020** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov.

MØTESTAD: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

MØTESTART/ -SLUTT: kl.18.00 – kl. 20.55

MØTANDE MEDLEMMER: Ole Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Solfrid Aasen (Sp), Gustav Eidsvåg (Frp) og Marit Elise Lier (Ap)

FORFALL: Ingen

FRÅ SEKRETARIATET MØTTE: Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

FRÅ REVISJONEN DELTOK: Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland, Deloitte AS Bergen via Teams i sak 16 /20

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE: Rådmannen Jostein Førre
Kommunalsjef skule, barnehage og kultur
Solfrid Lier Habbestad i sak 15/20

MERKNADER TIL INNKALLING: Ingen

MERKNADER TIL SAKSLISTE: Utvalsleiar tok opp sak som er tatt inn under sak 13/20

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 13/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 04.05.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll fra møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 04.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Utvalet hadde ingen merknader protokollen, men det blei ytra ønskje om ikkje å nytte digitale møte, då det ikkje var optimalt når medlem mista kontakten under møtet.

Utvaleiar viste til sak 11/20 om reglement for utvalet i sist møte og kommunestyrevedtak 15.05.20 kor rådmannen sitt alternative framlegg blei vedtatt. Det er lagt opp til ny handsaming saman med dei andre reglementa. Kommentarane var knytte til pkt. 3 om utvalet og pkt. 5-4 om eigarskapskontroll. Utvalet ønskte saka lagt fram på nytt til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 04.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Utvalet ønsker sak om kontroll- og kvalitetsutvalet sitt reglement til ny handsaming i møte i september.

SAK 14/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - RÅDMANNEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmann Jostein Førre si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområd til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Rådmann Jostein Førre viste korleis kommunen er organisert (leiargruppe, stab/støtte og einingar), visjon og verdiar («vilja til vekst og ein god stad å vera og leva»), talet på tilsette og årsverk (491/396). Auka skyldast at avlastarar no vert tatt med. Han var ikkje nøgd med at sjukefråvær i 2019 blei 8,4 % i snitt. Dette jobbe dei med for å få ned.

Han orienterte om den økonomiske stoda, demografi (lågare fødselstal og fleire eldre), økonomiske utfordringane med høgt utgifts- og investeringsnivå. Vidare kom han inn på kommunen si beredskap, der dei har planverk, øver jamleg og har godt samarbeid på Haugalandet. Etter tilsyn frå fylkesmannen i 2019 jobbast det med ny ROS-analyse. Han viste også til kommunen si handtering av korona-pandemi i vår og avslutta orienteringa med seie litt om kommunen sine styringsdokument (kommuneplan - areal- og samfunnsdel, handlingsplaner og budsjett). Utvalet kom med spørsmål underveis, mellom anna om Askøysaka og prøvetaking av drikkevatn. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmann Jostein Førre si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområd til orientering.

SAK 15/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF SKULE, BARNEHAGE OG KULTUR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef skule, barnehage og kultur Solfrid Lier Habbestad si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområd til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Kommunalsjef Solfrid Lier Habbestad viste organisasjonskart over einingane. Sveio har no 835 elevar i 5 skular og 73 årsverk, 363 førskuleborn i 3 barnehagar og 7 kultureiningar. Samla budsjett er på rundt 124 mill. kr, og budsjettet har vore i balanse stort sett kvar einaste år. Ho peika på utfordringar til skyssordninga, born og elevar plassert i andre kommunar og spesialundervisning som oppstår i løpet av året. Deira oppdrag er å skape det trygt og godt for borna og god læring. Ho viste til siste foreldreundersøkinga i barnehagane, elevundersøkingane (Sveio har inga «raudskular») og resultata frå dei nasjonale prøvane, som viste svært mange gode resultat. Utvalet hadde her fleire kommentarar.

Innan kultur viste ho dei nye hytteprosjekta: dagsturhytta i Auklandshamn og Flokehyttene ved Ryvarden. Vidare var det mye nytt innan bibliotekverksemda. Det blei jobba med å forberede til eit minneår for Fartein Valen i 2022. Tilbakemeldingane var at heimeskule hadde fungert greitt under koronatida. Det var gjeve tilbod til samfunnskritiske og sårbare born på skulen. Skyss var blitt ordna gjennom fleire organiseringar.

Ho trakk fram følgjande utfordringar framover: ny læreplan til hausten, det høge sjukefråværet i barnehagane, det låge fødselstalet, høgt trong for breiare tilbod i kulturskulen og meir ekstern støtte til kulturtiltak. Utvalet kom med spørsmål underveis, mellom anna om sjukefråværet. Kommunalsjefen opplyste at ho går av som pensjonist i haust og at ny kommunalsjef vil tiltre i november. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef skule, barnehage og kultur Solfrid Lier Habbestad si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområd til orientering.

SAK 16 /20 ARBEIDET MED FORVALTINGSREVISJON OG EIGARSKAPS-KONTROLL 2020-2024 – RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGER OG PRIORITERING AV PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024:

1.
2.
3. osb.

og følgjande uprioriterte prosjekt:

-
- osb.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte i september.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Forvaltningsrevisor Gjuvsland deltok på storskjerm via Microsoft Teams. Ho viste dei risiko- og vesentlegvurderingane som var presentert i analysen. Utvalsmedlemma blei bede å komme

med sine tre område som dei ville sette høgast, gjerne med ei grunngjeving. På bakgrunn av desse innspela blei utvalet samde om sine prioriterte prosjekt. I tillegg blei dei samd i å setje dei andre fem områda som uprioriterte.

Utvalet drøfta så område/selskap for eigarskapskontroll. Etter utvala sine innspel kom utvalet fram til ei prioriteringsliste med 4 selskap.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt i perioden 2020 – 2024:

1. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
2. *Bemanning og sjukefråvær*
3. *Leverandør- og kontraktsoppfølging*

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- *Planarbeid*
- *Pleie og omsorg*
- *Skulefritidsordninga*
- *NAV/sosiale tenester*
- *Habilitering*

Sveio kontroll- og kvalitetsutval prioriterer følgjande eigarskapskontroll i perioden 2020 – 2024:

1. *Sveio Golfpark AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Haugaland Brann og redning IKS*
4. *Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS.*

Revisor innarbeider utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte i september.

SAK 17/20 KOMMANDE ANBODSPROSSESS – VAL AV REVISOR FRÅ 01.07.21

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar sak om kommande anbodsprosess om levering av revisjonstenester til Sveio kommune frå 01.07.21 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Utdalssekretær/dagleg leiar innleia. Utvalet drøfta saka. Då utvalet følte trøng for meir kunnskap om kjøp og leveranse av revisjonstenester, ønskte utvalet at sekretariatet laga ei sak med for og imot konkurranseutsett revisjon og med vurdering opp mot alternativet til å gå inn i eit interkommunalt samarbeid. Utvalet bad sekretariatet undersøke om Rogaland Revisjon IKS kunne gje ein presentasjon av selskapet i neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar sak om kommande anbodsprosess om levering av revisjonstjenester til Sveio kommune fra 01.07.21 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber sekretariatet om å lage eit saksframlegg knytte til val av revisjonsordning til neste møte i september, og om mogeleg invitere Rogaland Revisjon IKS til å presentere seg.

SAK 18/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.06.20

18. Statusoversikt juni 2020
19. Protokoll- representantskapsmøtet 15.05.20 – Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
20. Partsrev- Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) – felles forvaltningsrevisjon
21. Medlemsinformasjon mai 2020 – Forum for kontroll og tilsyn (FKT)

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Sekretær orienterte. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.06.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 18 – 21 til orientering.

EVENTUELTT

Ingen saker var meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møtedato mandag **14. september 2020**.

Saker: orientering frå kommunalsjef helse og omsorg, reglementet for utvalet (2. gang), plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024, revisor si eigenerklæring for 2020, framlegg til budsjett til kommunen sitt kontrollarbeid for 2021 og revisjonsordninga - konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid.

Sveio/Aksdal, 22. juni 2020

Ole Ørjan Hov
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	14.09.20	20/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF HELSE OG OMSORG

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Bakgrunn:

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 10.02.20, sak 2/20 ein plan for orientering om støtte- og resultateiningane i kommunen i løpet av 2020. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabfunksjonane:

- Møtet 04.05.20** *Rådmann Jostein Førre (utsett til 22.06.20)*
- Møtet 22.06.20** *Kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft (utsett til 14.09.20)*
- Møtet 14.09.20** *Kommunalsjef skule, bhg og kultur Solfrid Lier Habbestad (22.06.20)*
- Møtet 16.11.20** *Kommunalsjef teknisk Kenneth Tollefsen*
- 1. møte 2021** *Hovudtillitsvald (HTV) og hovudverneombod (HVO)*
- 2. møte 2021** *Personalsjef Monica Hovda Madsen*
- 3. møte 2021** *Rektor v/Sveio barne- og ungdomsskule (om mogeleg besøk)*

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar admininistrasjonen står over for.

Planen blei oversendt rådmannen 14.02.20. Det framgikk i brevet at tidspunktene kunne endrast/byttast for dei invitere. Det er til no ikkje kome framlegg om endringar og det vert opp til rådmannen å bestemme kven han tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen.

Etter samtale xxxx i dag med kommunalsjef Toft, vil ho stille på møtet for å orientere om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Sekretariatet vil gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

Talet tilsette på tenesteområda

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg. Til dette møtet er det mange saker, så det kan vere greitt å halde tidsramma.

Det er også greitt, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 07.09.20

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekreterær

SAKSGANG		
Utvale	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	02.11.20	
Kontroll- og kvalitetsutvalet	14.09.20	21/20
Kommunestyret	15.06.20	62/20
Kontroll- og kvalitetsutvalet	04.05.20	11/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SITT REGLEMENT – 2. GONGSHANDSAMING

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontroll- og kvalitetsutval i samsvar med vedlagt reglement, justert august 2020.

Vedlegg: Justert framlegg til nytt reglement for Sveio kontroll- og kvalitetsutval aug. 2020

Saksorientering

Bakgrunn

Reglement for kontrollutvalet blei første gong vedteken av Sveio kommunestyre 30.01.12, sak 2/12. Reglementet blei så endra 03.11.14, sak 72/14. Kommunelova blei revidert i 2018 og reglementet blei på nytt lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret for ny oppdatering våren 2020.

Kontroll- og kvalitetsutvalet handsama reglementet i møtet 04.05.20, sak 11/20 og kom med følgjande innstilling:

Sveio kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Sveio kontroll- og kvalitetsutval som følge av ny kommunelov.

Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement.

Til kommunestyremøtet 15.06.20 i sak 62/20 hadde rådmannen lagt til sine kommentarer og han hadde komme med alternativ framlegg til vedtak. I møtet presenterte utvalsleiar prosessen rundt arbeidet med å oppdatere reglementet.

Han støtta rådmannen sitt alternativ til vedtak og fremma rådmannen sitt framlegg til vedtak. Ved votering blei utvalet sitt framlegg sett opp mot utvalsleiar sitt. Resultatet blei samråystes i favør av sistnemnde.

Kommunestyret vedtok då samråystes i møte 15.06.20, sak 62/20 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre vedtar å oppdatere reglementet for Sveio kontroll- og kvalitetstutvalet som følge av ny kommunelov.*
2. *Reglementet blir endra i samsvar med kontoll- og kvalitetsutvalets sitt framlegg, med endringar som skissert i rådmannen si vurdering.*
3. *Reglementet blir lagt fram for godkjenning i fjerde møteserie 2020.*

Justert reglement

Rådmannen skreiv følgjande i saksframlegget:

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen ønsker å knyta nokon kommentarar til framlegget til revidert reglement for Sveio kontroll- og kvalitetstutvalet. Følgande var ikkje ein del av kontoll- og kvalitetsutvalets sitt saksframlegg i sak KON-11/20, men er lagd til i etterkant av at administrasjonen fekk saka tilsend frå kontoll- og kvalitetstutvalet.

I første avsnitt under pkt. 3 i framlegg til revidert reglement heiter det at «kontoll- og kvalitetstutvalet skal ha **minst 5 medlemmer**» (rådmannen si kursivering). Dette er ei endring, då noverande reglement berre slår fast at det skal vera fem medlemmer. Rådmannen meiner talet på medlemmer må vera konkret fastsett på lik linje med talet på medlemmer i andre folkevalde organ i kommunen. Dette for å sikra føreseielegheit ved val av kontoll- og kvalitetstutvalet.

Under tredje avsnitt under pkt. 3 heiter det at bl.a. at medlem og varamedlem av «folkevald organ med avgjerdsmynde» er utelukka frå val til kontoll- og kvalitetstutvalet. Dette følger av kommuneloven § 23-1, tredje avsnitt, bokstav c. Men her heiter det òg at «medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret (...) er likevel valgbare». Dette er ei viktig presisering som rådmannen meiner bør vera med i sjølve reglementet, for å unngå forvirring.

Første avsnitt under pkt. 5.4 går som følger:

«Kontrollutvalet skal kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyre sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møte.»

Første setning i ovannemnde avsnitt er ny, og er meir eller mindre direkte henta frå § 23-4 i den nye kommuneloven. (I noverande reglement heiter det at «kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap».)

Rådmannen meiner det er viktig at denne kontrollen blir gjennomført på ein føremålstenleg måte, og at framlegget til tekst / lovteksten gir eit stort tolkingsrom når det kjem til korleis dette i praksis skal gjennomførast. Ein må unngå ei fortolking av dette som tilseier eit behov for saker med vurderingar til kommunestyret i forkant av kvart enkelt møte i eigarorgan. Det er viktig at planen for gjennomføring av eigarskapskontroll gir klare føringerar som er praktiske og føremålstenlege.

Til hausten vil reviderte reglement for politiske utval i Sveio kommune bli lagd fram for behandling. Rådmannen foreslår at rådmannen får høve til å endra reglementet for kontroll- og kvalitetsutvalet i tråd med merknadane over, og at dette blir lagd fram i same sak som dei andre reviderte reglementa.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet støttar rådmannen sine vurderingar når det gjeld pkt 3. Ordet «*minst*» vil då bli tatt ut, og setninga «*Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret er likevel valbare*» blir lagt til.

Når det gjeld eigarskapskontrollen i pkt 5.4 er det, som nemnd, slik lovteksten er formulert, og sekretariatet ser ikkje grunn til å endre den.

I forarbeida til lova står det at planen skal bygge på ei overordna analyse av kommunens eigarskap ut frå risiko- og vesentelegvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll med dei ulike selskapa. Det er difor ikkje noko krav om at kontrollen skal omfatte alle selskap i løpet av planperioden. Kva kontroller som skal gjennomførast, må avgjeraast av den enkelte kommune gjennom planen, som vert vedtatt av kommunestyret sjølv og dei kan delegere til utvalet til gjere endringar i planen.

Sekretariatet vil gjere framlegg for å klargjere dette med at det vert tatt inn at kontrollen vert utført etter vedtatt plan og/eller delegert mynde til utvalet til å endre plan.

Dei nye endringane er markert ved at ordet «*minst*» er stroke over og setninga «*Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret er likevel valbare*» lagt til. Det same gjelde setninga «*Kontrollen vert utført etter vedtatt plan og/eller delegert mynde til utvalet til å endre plan.*» Ny tekst er farga med rød skrift i vedlagt reglement, justert pr augsust 2020.

Aksdal, 24.08.20

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

Reglement for **Sveio kontroll- og kvalitetsutval**

Vedtatt av Sveio kommunestyre 30.01.12, sak 2/12, endra 03.11.14, sak 72/14 og 02.11.20, sak xx/20

VIRKEOMRÅDE

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval og revisjon, vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2019 med heimel i kommunelova § 23-2, § 24-2 og § 24-4 gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande:

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjere om vedtaket, jf. kommunelova § 22-1.

1. KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det/den løypande tilsynet kontroll med kommunen si verksemd, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontroll- og kvalitetsutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av kommunen sine folkevalte organ eller andre kommunale organ, jf. forskriftera § 1.

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontroll- og kvalitetsutvalet sine medlemmer og varamedlemmer har rett på deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring, tilsvarande som for kommunestyremedlemmene.

2. FØREMÅL

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal medverka til å sikre at det er allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein trygg måte,
- det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga er i samsvar med lov og vedtak,

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale verksemda,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad.

3 VAL OG SAMANSETTING

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal ha **minst** 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til utvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemane i kontroll- og kvalitetsutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren. Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av folkevald organ med avgjerdsmynne og tilsette i kommunen. **Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret er likevel valbare.** Utelukka frå val er òg personar som har leiarstilling, eller er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i et selskap som kommunen har eigarinteresser i eller i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunestyret kan når som helst skifte ut kontroll- og kvalitetsutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemane veljast på nytt.

4. GENERELL INSTRUKS

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal følgje lov og forskrift og - så langt det høver- dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Sveio kommune, jf. reglement for folkevalte organ som kommunestyret, formannskap og faste utval.

4.1 Teieplikt

For medlemane, varamedlemane og sekretariatet for kontroll- og kvalitetsutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvalningslova. Kontroll- og kvalitetsutvalet sin medlemmer og **varamedlemmer** skriv under eigen teleplikterklæring.

4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunen sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemane bør unngå å komme i situasjoner som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppmoda til registrere seg i KS sitt styrevvervregister.

5. OPPGÅVER

Kontroll- og kvalitetsutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvoart for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 13-1.

Utvalet skal føra kontroll med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

5.1 Internkontroll

Kontroll- og kvalitetsutvalet fører kontroll med at kommunen si verksemd er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internkontrollopplegg, jf. kommunelova kapittel 25, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

5.2 Årsrekneskap

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapane, med kopi til formannsskapet. Kopien må vere formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

5.4 Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. **Kontrollen vert utført etter vedtatt plan og/eller delegert mynde til utvalet til å endre plan.**

I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetje reglar forkontrollutvalet si kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap omtalt i kommunelova §23-6 første ledd og kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

5.5 Gransking

Kontrollutvalet skal kunne setje i verk gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkelpersonar har gjort feil eller brote reglar.

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

5.6 Orientering frå rådmannen/kommunedirektøren

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre kontroll med kommunen si verksemd be rådmannen/kommunedirektøren orientere om aktuelle saker og tema.

6. MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet haldast for opne dører, jf. kommunelova § 11-5, så framt utvalet ikkje vedtek noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf. Kommunelova § 11-5.

6.1 Førebuing / møteinkalling / saksliste

Saksliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med saksliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor med rimeleg varsel. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen/kommunedirektøren får alltid tilsendt innkalling med saksliste til orientering, og møte- må møte når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen bli orientert om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitere eksterne personar for å opplyse eller orientere om ei sak.

Møteinkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrift, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "Ikkje offentleg, jamfør off. lova." vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiari er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmene er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.

6.3 Inabilitet for folkevalte

Kommunelova § 11-1 gjeld òg kontroll- og kvalitetsutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vere med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

6.4 Melding frå utvalet

Det skal først møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlange utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann/kommunedirektør, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og ~~bør~~ skal vere sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen/kommunedirektør når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho eller som kopi når revisjon eller andre er mottakar.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken rådmann/kommunedirektør eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for forvaltningsrevisjon,
- plan for eigarskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportar frå gjennomførte eigarskapskontrollar,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen,

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast til ordførar.

6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

6.7 Innsyn og undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syte for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre kontrollar frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller direkte eigar alle aksjar.

Kontrollutvalet si innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar gjeld også overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsyn og undersøkingar skal imidlertid berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakt er oppfylt.

Det ligg føre plikt for rådmannen/kommunedirektøren å rapportere eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportere dette vidare til kontrollutvalet.

6.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskap vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvalningsrevisjonsrapportar og rapportar om eigarskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneholder tilrådingar, samt at kontrollutvalet legg fram årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

7 ANDRE FORHOLD

7.1 Sekretariatet

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og påleggja som utvalet gjev.

7.2 Bruk av sakkyndig hjelp

Kontroll- og kvalitetsutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

7.3 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontrollarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage framlegg til budsjett som skal følge formannskapet si innstilling til årsbudsjett til kommunestyret etter kommunelova kapittel 14.

7.4 Møte- og talerett i kommunestyret

Leiaren og nestleiaren har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Er leiari eller nestleiari hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

7.5 Informasjon

Det er normalt leiari av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

7.6 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet.

7.7 Val av revisor

Dersom kommunestyret vedtek å konkurranseutsette heile eller deler av revisjonen, gjer kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet.

7.8 Val av sekretariatsordning

Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontroll- og kvalitetsutvalet. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet, jf. kommunelova § 23-7.

8. HØYRING

8.1 Virkeområde og føremål

Kontroll- og kvalitetsutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærmare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

8.2 Førebuing av høyring

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet venter å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekka ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuande møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuande møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjar under høyringa, jf. pkt. 8.4. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

8.3 Den innkalla si stilling

Rådmannen/kommunedirektøren har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men rådmannen skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggast ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

8.4 Gjennomføringa av høyringa

Kontrollutvalet si leiar skal først orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Leiaren ser etter at spørsmåla held seg innanfor det tema som er definert, og at den innkalla sin rettstryggleik blir ivareteke.

Før kontrollutvalet startar si utspørjing, skal den innkalla få inntil 10 minuttar til å gje si versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i så stor grad som det blir sett som naudsynt for å opplyse saka.

Høyringa byrjar med at valt hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemmene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølgje som dei ber om. Etter at utspørjinga er over, skal den innkalla få høve til å gje ei kort sluttkommentar.

Kontrollutvalet sine medlemmer skal ikkje ha meiningsutveksling under høyringa. Medlemmene skal heller ikkje kommentere dei svar som blir gjeve, anna enn der dette inngår som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmeleg åtferd eller spørsmål er ikkje tillate og skal påtalast av møteleiar.

Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal handsame den vidare framdrift, mellom anna framlegg om at høyringa skal avsluttast eller fortsette for lukka dører.

Kontrollutvalet kan berre ta imot teiepliktsopplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må kontrollutvalet sine medlemmer ikkje referere eller vise til opplysningar underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

8.5 Etterarbeid

Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal ha høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova § 23-5. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.

Rapporten oversendast kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling frå kontrollutvalet

9. IVERKSETJING

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	02.10.20	
Kontroll- og kvalitetsutvalet	14.09.20	22/20
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.06.20	16/20
Kontroll- og kvalitetsutvalet	04.05.20	10/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024 - SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet sitt forslag til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

1. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
2. *Bemanning og sjukefråvær*
3. *Leverandør- og kontraktsoppfølging*

og følgjande uprioriterte prosjekt

:

- *Skulefritidsordninga*
- *Planarbeid*
- *NAV/sosiale tenester*
- *Habilitering.*

Sveio kommunestyret gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

Vedlegg:

1. Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, september 2020 – Sveio kommune
2. Risiko- og vesentlegvurderinger for Sveio kommune, utarbeida av Deloitte AS

Saksorientering

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjon vil seie å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regleletterleving, måloppnåing og verknader av kommunestyret sine vedtak.

Etter kommunelova 23-3 skal kontrollutvalet «*minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner*».

Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd. Dette for å finne ut kor det er størst trøng for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere lagd seinast innan utgongen av året etter kommunestyret har konstituert seg.

Planen er det kommunestyret sjølv som skal vedta. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Planprosessen

I møtet 25.11.19, sak 28/19 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. I det første prosessmøtet den 10.02.20, sak 5/20 deltok medlemmene i Deloitte sitt risikospel, saman med revisor Kjersti Gjuvsland, varaordførar og økonomisjef. Spelet var som en del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.

Vedlagt ligger Deloitte sitt analysedokument /rapport som ble presentert utvalget i møtet 04.05.20, sak 10/20. Rapporten følgjer saksdokumentene som vedlegg 2.

Dette analysedokumentet er eit verktøy – som saman med utvalet sine eigne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekt i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Dokumentet er på 49 sidar og er delt opp i 7 kapitler. Fyrst er det skreve ein innleiing, i kapitel 2 om Sveio si organisering og ein del nøkkeltal. I kapitel 3 og 4 omhandlar oversikt over identifiserte risikoområde i kommunen og kommunen sine selskap. Kapitel 5 omhandlar eigenskapskontrollar med oversikt over identifiserte risikområde og kapitel 6 om gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn. I kapitel 7 har Deloitte kome med framlegg til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I møtet den 04.05.20 blei risiko- og vesentlegvurderingane til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll tatt til orientering. I møtet 22.06. 20, sak 16/20 måtte utvalet signalisere kva område dei finn som dei mest aktuelle for denne perioden. Som eit grunnlag for diskusjonen i prosessmøte nr 2 var analysedokumenta ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet i forkant. I dokumenta er alle data som er samla inn bli presentert med ein risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1.

Identifiserte risikområde er merka med anten raud eller gul stjerne. Nærare om desse sjå analysen under kap. 3.

Tidlegere planer

I plan 2012-2016 blei følgjande område valt ut og det blei gjennomført revisjon av (prosjekta var uprioriterte):

- Helse og omsorg (*rapport pleie og omsorg i 2013*)
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Organisering (*rapport sakshandsaming, service og haldning i 2015*)
- HMS
- Økonomistyring
- Skule (*rapport spesialpedagogiske tiltak i 2014*)
- Samhandlingsreforma

I perioden blei det gjennomført tre prosjekt, innan pleie og omsorgstenestene i 2013, om spesialpedagogiske tiltak i 2014 og sakshandsaming, service og haldninga i 2015.

I plan 2016-2020 blei følgjande område prioritert og det blei gjennomført revisjon av:

1. Internkontroll (*rapport i 2017*)
2. Vedtaksoppfølging (*rapport i 2018*)
3. Barnevern (*rapport i 2019*)
4. Spesialundervisning i grunnskulen

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Vedlikehald bygg, vegar og anlegg
- Pleie og omsorg
- Innkjøp
- Investeringsprosjekt
- Informasjonstryggleik
- Arbeid for psykososialt miljø i grunnskulen

Ny plan 2020-2024

Plan for forvalningsrevisjon 2020-2024 følger som vedlegg 1. Risiko- og vesentligvurderingene er vedlagt planen som vedlegg 2. I planen er det tatt både prioriterte og uprioriterte prosjekt.

Kontroll- og kvalitetsutvalet drøfta framlegg til priosjekt i møtet 22.06.20 og gjorde liket vedtak i sak 16/20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval prioriterer følgjande forvalningsrevisjonsprosjekt i perioden 2020 – 2024:

- 1. Tilpassa opplæring og spesialundervisning**
- 2. Bemanning og sjukefråvær**
- 3. Leverandør- og kontraktsoppfølging**

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Planarbeid
- Pleie og omsorg
- Skulefritidsordninga
- NAV/sosiale tenester
- Habilitering

Revisor innarbeider utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte i september.

Ny plan blei sendt sekretariatet 01.09.20 . Utvalet vil igjen handsame saka i møtet 09.09.20 for endeleg innstilling til kommunestyret.

Det er ikkje realistisk at planen inneheld meir enn ca åtte prosjekt, da årleg budsjettmidlar tilseier at det ikkje blir gjennomført meir enn eit prosjekt pr. år.

Vidare saksgang

Når kontrollutvalet er ferdig med prioriteringane i planen vil den vere klar for oversending til kommunestyret for sluthandsaming. Siste frist for å utarbeide plan er ifølgje lova seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert. Slik det ligg an no, vil planen bli lagt fram for kommunestyret i novembermøtet.

Når eit prosjekt skal setjast i gong, må det planleggjast meir i detalj før ein startar opp. Kontrollutvalet må då, saman med revisor, foreta ei undersøking om dei aktuelle tema i prosjektet, og vurdere kva som er mest relevant og vesentleg å undersøke.

Omfanget av prosjektet vil også vere avhengig av kor mange tema som vil vere viktige for kontrollutvalet å få svar på i ein rapport. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av prosjekt.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å prioritere dei mest aktuelle prosjekta innafor vedteken plan, samt at dei kan å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår trond for det. Slik mynde har då også blitt gjeven tidlegare år, og ein finn heimel til det i kommunelova § 23-3 siste setning.

Aksdal, 07.09.20

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kommune
Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024

September 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024	5
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	7
3.1	Standard og innsynsrett	7
3.2	Metode	7
3.3	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemde og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderinger av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleiving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

I følgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontroll- og kvalitetsutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Sveio kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontroll- og kvalitetsutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemde har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleiving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnytten og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontroll- og kvalitetsutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontroll- og kvalitetsutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontroll- og kvalitetsutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontroll- og kvalitetsutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2020-2024).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for tilpassa opplæring, tidleg innsats og spesialundervisning • Samhandling mellom skulane og PPT • PPT sitt systemretta arbeid • Sakshandsaming • Gjennomføring av spesialundervisning
2	Bemanning og sjukefråvær i helse og omsorgs- og skulesektoren	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av vikartenester • Oppfølging av sjukefråvær
3	Kontrakt- og leverandøroppfølging	<ul style="list-style-type: none"> • Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging • Etterleving av rutinar • Kontroll av utvalde kontraktar
4	Planarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Strategi • Styring • Kapasitet • Leiring
5	Pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak for å sikre ressurseffektive tenester, inkl. bruk av velferdsteknologi • Omsorgstrappa • Kapasitet og kompetanse til å ivareta brukarar i heimetenesta og institusjonstenesta
6	Skulefritidsordning	<ul style="list-style-type: none"> • Mål for området • Kvalitet i tenesta • Kompetanseplanar
7	NAV/sosial tenester	<ul style="list-style-type: none"> • Rettleiling og oppfølging av unge brukarar • Budsjettering
8	Habilitering	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av tvang og makt • Rutinar og retningslinjer for rapportering og melding av avvik • Kompetanse og opplæring

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
• Styring av investeringsprosjekt
• Målstyring og rapportering
• Samhandling internt i kommunen
• Tidleg innsats og samarbeid mellom tenester for barn og unge med særlege behov
• Vedlikehald av kommunale bygg og vegar
• Tenestekontoret
• NAV/Flyktningtenesta
• Haugaland brann og redning IKS
• Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS
• Haugaland vekst IKS
• Krisesenter Vest IKS

Om kommunestyret ber kontroll- og kvalitetsutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontroll- og kvalitetsutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderinger som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontroll- og kvalitetsutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontroll- og kvalitetsutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysninger, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teleplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigaraar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 24-10 jf. § 24-6. Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er ny, og er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta avheng av endelige problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt at kontroll- og kvalitetsutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium² revisor skal leggje til grunn. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontroll- og kvalitetsutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt til administrasjonssjefen før datainnsamlinga tek til. Administrasjonssjefen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i kvar forvaltningsrevisjonsrapport. Utalen frå administrasjonssjefen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontroll- og kvalitetsutvalet. Etter at kontroll- og kvalitetsutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontroll- og kvalitetsutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Sjå <https://www.nkrf.no/rsk-001-standard-for-forvaltningsrevisjon>

² Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål).

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies: Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.



Opplysingane i dokumentet er i hovudsak ikkje verifiserte, og kan ikkje nyttast som faktagrunnlag utan nærmere undersøkingar

Sveio kommune
Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon
og eigarskapskontroll

April 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

April 2020

Rapporten er utarbeidd for Sveio
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1. Innleiing	5
2. Organisering og nøkkeltal	8
3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde	12
4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	29
5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	44
6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	46
7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	47

Detaljert innholdsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Forvaltningsrevisjon	5
1.3	Eigarskapskontroll	5
1.4	Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll	6
1.5	Metode og gjennomføring	6
1.6	Lesarrettleiing	7
2.	Organisering og nøkkeltal	8
2.1	Organisering	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	10
2.4	Kommunen sine eigarskap	10
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde	12
3.1	Sektorovergripande funksjonar	13
3.2	Oppvekst og kultur	17
3.3	Tekniske og næring	21
3.4	Helse og omsorg	23
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	29
4.1	Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	30
4.2	Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	35
4.3	Føretak, samarbeid og foreiningar	42
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	44
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	46
6.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar	46
6.2	Tilsyn	46
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	47
7.1	Forvaltningsrevisjon	47
7.2	Eigarskapskontroll	49

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontroll- og kvalitetsutvalet i møte 25.11.2019 og sak 28/19 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderinger (ROV-vurderinger) av Sveio kommune si verksemd og i selskapa der Sveio kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i kommunen og selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet danner grunnlag for kontroll- og kvalitetsutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontroll- og kvalitetsutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal bli vedtatt av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeldinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontroll- og kvalitetsutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontroll- og kvalitetsutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontroll- og kvalitetsutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I Kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontroll- og kvalitetsutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegera til kontroll- og kvalitetsutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter Kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærmare skildra i Kommunelova § 23-4. Det går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eierskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eierskapskontroll, slik at det er mogleg for kontroll- og kvalitetsutvalet å leggje ein plan for eierskapskontroll og å prioritere kva eierskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eierskapskontroll. Kommunestyret kan delegera til kontroll- og kvalitetsutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eierskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eierskapskontroll. Fokuset i ein eierskapskontroll er på korleis kommunen forvaltar eigarskapene sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eierskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein forvaltningsrevisjon av selskap er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontroll- og kvalitetsutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrige til at vi har avdekkja kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eierskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrige til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontroll- og kvalitetsutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontroll- og kvalitetsutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapene der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontroll- og kvalitetsutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrige til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med. Samanlikningane kan gi indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærmare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med rådmann, økonomisjef og kommunalsjefane for teknisk og stabstenester, skule og oppvekst og helse og omsorg. I tillegg har vi intervjuet ordførar, varaordførar og to leiarane for hovudutval for teknisk og næring og hovudutval for oppvekst og kultur. Til saman er det gjennomført ni intervju og alle intervjuene er gjennomførte per telefon eller via videomøte.

1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Einingsleiarar, verksemdsleiarar og heile kommunestyret har vore invitert til å vere involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I

spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap kommunen eig. 23 av 41 respondentar svara på undersøkinga (56 %).

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.¹

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontroll- og kvalitetsutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontroll- og kvalitetsutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontroll- og kvalitetsutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontroll- og kvalitetsutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd to plandokument; eit for plan for forvaltningsrevisjon og eit for plan for eigarskapskontroll. Desse dokumenta skal vedtakast av kontroll- og kvalitetsutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiring

Innspela som er samla inn i samband med ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontroll- og kvalitetsutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroller.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for kommunen.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemderområda og eigarskapa til kommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneholder oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontroller, eigarskapskontroller, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroller basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontroll- og kvalitetsutvalet gjere. Kontroll- og kvalitetsutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for og vedtakast i kommunestyret.


¹¹ Ikke alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt inntektsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundregisteret. I desse tilfella har ikke revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant

2. Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Organisasjonskartet under viser den administrative organiseringa i Sveio kommune. Leiinga består av rådmann, tre kommunalsjefar, økonomisjef og personalleiar. Det er 15 sjølvstendige einingar og 5 stab/støtteeiningar som ligg under kommunalsjefane i kommunen. Stab/støtte leverer støtte til heile organisasjonen, gir råd til leiingane i faglege spørsmål og kan ha ei overordna koordinerande rolle. I tillegg har skule og barnehage eit eige administrativt kontor som er organisert under stab/støtte.

Figur 1: Organisasjonskart



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %. Sveio kommune har som mål at netto driftsresultat skal vere på 1,25 %.

Netto driftsresultat i Sveio kommune var i 2018 på om lag NOK 26,4 millionar. Dette er 5,3 % av driftsresultatet, altså godt over det tilrådde nivået frå TBU. KOSTRA-tal for 2019 viser at kommunen hadde eit netto driftsresultat på 1,4 %, noko under tilrådd nivå.

2020 budsjettet legg opp til eit netto driftsresultat på 0,7 %, altså godt under tilrådd nivå på 1,75 %. I budsjettoppstillingane for 2021, 2022 og 2023 i økonomiplanen, er netto driftsresultat minkande framover, og blir negativt frå 2022. Det blir i økonomiplanen vist til at det er venta ei auke i netto lånegjeld i økonomiplanperioden. Samla utgifter til renter og avdrag er planlagt auka med NOK 3 millionar frå 2020 til 2023. Dette skuldast i hovudsak planlagde investeringar i barnehagebygg og VAR-investeringar. Budsjettet legg opp til ein samla sum utgifter til investeringsprosjekt på om lag NOK 39 millionar i 2020, over NOK 95,5 millionar i 2021 og høvesvis om lag NOK 17 millionar og NOK 11 millionar i 2022 og 2023.

Dispositionsfondet er kommunen sin reserve til å dekke uføresette utgifter, sviktande inntekter, underskot og eigenkapital til investeringar. Ifølgje kommunebarometeret har Sveio kommune i 2019 eit dispositionsfond på 19,3 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Dette er markant høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppa (8,4 %). Kor stort dispositionsfondet bør vere for at kommunen skal

kunne ta hand om ein rimeleg risiko, varierer relativt til øvre økonomiske parameter (mellan anna renteeksponert gjeld, høg skatteinntekt som del av total inntekt, og høge finansinntekter relativt til andre inntekter). Frå økonomiplanen 2020-2023 går det fram at rådmannen føreslår at Sveio kommune har som mål å ha disposisjonsfond på minst 10 % av driftsinntektene. Det går vidare fram at kommunen har låg renteeksponert gjeld i forhold til driftsinntektene då kommunen sitt bankinnskot er stort på grunn av unytta lånemidlar og storleiken på disposisjonsfondet.

Det går vidare fram i økonomiplanen at Sveio kommune i 2018 hadde ein skatteinngang på 80 % av landsgjennomsnittet. Etter kompensasjon for låg skatteinngang enda kommunen opp med ein samla skatteinngang og inntektskompensasjon på 94,3 % av landsgjennomsnittet i 2018. For 2020 er det lagt til grunn at Sveio kommune vil ha ein skatteinngang på 81 % av landsgjennomsnittet. Utgiftsbehovet til Sveio kommune er berekna til å vera på 107,84 % i forhold til landsgjennomsnittet i 2020. Forskjellen i utgiftsbehov i forhold til resten av landet blir det gitt kompensasjon for gjennom utgiftsutjamning.

Økonomiplanen legg til grunn uendra inntekter frå eigedomsskatt i 2020 og vidare eit auka utbyte frå Haugaland Kraft AS i 2020 samanlikna med 2019.

Tabellen under viser løyvingar til dei ulike rammeområda i Sveio kommune i 2018, 2019 og 2020. Merk at tala frå 2018 er rekneskapstal, medan tala for 2019 og 2020 er løyvingar i budsjetta. Tala i parentes viser løyvingar til tenesteområda i prosent av det totale driftsbudsjettet til kommunen.²

Tabell 1: Løyvingar til ulike rammeområde

Tenesteområde	R 2018	B 2019	B 2020
Politisk	4 584 152 (1,4 %)	5 060 000 (1,5 %)	4 880 000 (1,4 %)
Sentraladministrasjon	22 135 866 (6,7 %)	23 610 000 (6,9 %)	24 700 000 (7,0 %)
Tilleggløyvingar	(0,0 %)	5 670 000 (1,7 %)	5 500 000 (1,6 %)
Oppvekst - skule	87 859 491 (26,5 %)	88 503 000 (26,0 %)	94 720 000 (27,0 %)
Tekniske tenester	18 228 095 (5,5 %)	15 990 000 (4,7 %)	16 770 000 (4,8 %)
Kultur	7 796 007 (2,3 %)	7 400 000 (2,2 %)	8 265 000 (2,4 %)
Kyrkja	4 470 000 (1,3 %)	3 820 000 (1,1 %)	4 130 000 (1,2 %)
Oppvekst - barnehage	22 020 218 (6,6 %)	23 890 000 (7,0 %)	24 260 000 (6,9 %)
VAR	- 4 117 233 (-1,2 %)	- 5 410 000 (-1,6 %)	- 6 050 000 (-1,7 %)
Finans	33 517 062 (10,1 %)	41 745 000 (12,3 %)	36 730 000 (10,5 %)
Ryvarden Kulturfyr KF	530 000 (0,2 %)	420 000 (0,1 %)	550 000 (0,2 %)
Helseavdeling med fellesstenester	23 606 123 (7,1 %)	25 637 000 (7,5 %)	26 680 000 (7,6 %)
Pleie og omsorg	54 317 537 (16,4 %)	49 670 000 (14,6 %)	51 160 000 (14,6 %)
NAV med flyktningarbeid	17 639 793 (5,3 %)	15 320 000 (4,5 %)	15 110 000 (4,3 %)
Barnevern	9 719 434 (2,9 %)	8 870 000 (2,6 %)	11 310 000 (3,2 %)
Habilitering	29 736 841 (9,0 %)	30 360 000 (8,9 %)	31 670 000 (9,0 %)
Sum totalt til drift	332 043 386 (100 %)	340 555 000 (100 %)	350 385 000 (100 %)

² Tala i tabellen er henta frå budsjetskjema 1b i *Budsjett 2020/økonomiplan 2020 – 2023* som viser fordeling av tilgjengelege midlar til dei ulike rammeområda i kommunen.

Dei to største områda er oppvekstområdet (medrekna både skule og barnehage) og helse- og omsorgssektoren,³ som kvar for seg om lag ein tredjedel av driftsbudsjettet.

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar. For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar.⁴

Det går fram av økonomiplan 2020-2023 at Sveio kommune har hatt ei auke i folketal dei siste ti åra på 815 personar. Det går vidare fram av dokumentet at over 50 % av innbyggjarane i kommunen er mellom 20 og 66 år (landsnittet er 61 %), 6,5 % er i barnehagealder (mot eit landssnitt på 5,6 %) og nesten 15 % er i grunnskulealder (mot eit landssnitt på 12 %). 3,6 % av innbyggjarane i kommunen er eldre over 80 år (landsnittet er 4,2 %), medan om lag 10 % av befolkninga i kommunen er eldre mellom 67 og 79 år (same som landssnittet). Det går fram at det på bakgrunn av tala er venta at kommunen brukar relativt meir ressursar på tenester til barn i barnehage- og skulealder enn gjennomsnittet i landet og relativt mindre til innbyggjarar over 80 år enn det som er gjennomsnitt for resten av landet.

Sveio kommune hadde 5 766 innbyggjarar ved utgangen av 2019.⁵

2.4 Kommunen sine eigarskap

Sveio kommune har eitt heileigd selskap, eigarinteresser i ni selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i ni selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Kommunen sine eigarskap vil bli nærmere omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 2: Eigarskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Vassbakken 2 AS	Drift av idrettsanlegg og utleige	AS	100 %
Sveio Golfpark AS	Drift av idrettsanlegg	AS	67 %
Vestlandske Grube Company AS	Å fremje interesse for gullverkesemd	AS	66,66 %
Vestavind AS Bygdeblad for Sveio	Lokalavis	AS	29,32 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Interkommunalt samarbeid med særskilt vekt på utviklings- og tiltaksarbeid.	IKS	12,5 %
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall	IKS	9,17 %
Haugaland vekst IKS	Offentleg administrasjon knytt til næringsverksemد og arbeidsmarknad	IKS	9,09 %
Opero AS	Arbeidstreningsbedrift	AS	6, 44 %
Vann Vest AS	Vatn og avlaupsverksemد	IKS	5,55 %
Haugaland Brann og Redning IKS	Brannvern	IKS	4,93 %
Haugaland kontrollutvalssektretariat IKS	Generell offentleg administrasjon	IKS	4,62 %
Haugaland Kraft AS	Distribusjon av elektrisitet	AS	4,3 %

³ Pleie og omsorg, habilitering, helseavdeling med fellesstenester.

⁴ Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørger for at denne delen av rammetilskotet blir fordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Kostnadsnøkkelen består av ei rekke kriterium, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.

⁵ Talet er henta frå statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/sveio/befolkningsprofil>

Karmsund Havn IKS	Drift av hamne- og kaianlegg	IKS	3,85 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Drift av arkiv	IKS	3,63 %
AS Haugaland industri	Arbeidstreningsbedrift	AS	3,32 %
Krisesenter vest IKS	Krisesenter med avdelingar i Haugesund og på Stord	IKS	2,97 %
Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS	Turistkontorverksemド og destinasjonselskap	AS	1,72 %
Sunnhordlandsambandet	Selskap som arbeider mot ferjefri veg mellom Sunnhordland og Bergen	AS	0,74 %
E 134 Haukelivegen AS	Interesseorganisasjon som arbeider for utbygging og heving av standard av E134 Haukelivegen.	AS	2,22 %
Sveio Bioenergi SA	Produksjon av elektrisitet frå biobrensel, avfallsforbrenning og deponigass	Samvirkeføretak	
Biblioteksentralen SA	Engroshandel med bøker, aviser og blad	Samvirkeføretak	

Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglende målinnfriing, regeletterlevering, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Sveio kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følgjer den administrative organiseringa i Sveio kommune.

Riskonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fagesymbol	Skildring av risikovurdering
	<p>Høg risiko</p> <p>På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, målinnfriing, regeletterlevering eller effektivitet.</p>
	<p>Middels risiko</p> <p>På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, målinnfriing, regeletterlevering eller effektivitet.</p>

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på tilgjengeleg informasjon. Kontroll- og kvalitetsutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontroll- og kvalitetsutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

3.1 Sektorovergripande funksjonar

Til rammeområdet *sentraladministrasjon* hører einingane offentleg servicekontor (t.d. resepsjon/ sentralbord, posthandtering og arkiv), løn- og personalkontoret (t.d. løn, refusjonar, strategisk arbeid med sjukemeldte, lærlingar), økonomikontoret (t.d. rekneskapsføring, budsjett, innkjøp, eigedomsskatt, skatteoppkrevjar), og IKT-kontoret (utvikling og drift av datasystem).⁶ Sentraladministrasjonen er dels leia av ein kommunalsjef (IKT og offentleg servicekontor), økonomisjef og personalleiar.

I tabellen under vil vi gjennomgå identifiserte risikoar for sektorovergripande funksjonar og tema.

Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Bemannning og sjukefråvær • Sjukefråvær • Deltidsstillingar • Kompetanse • Vikarbruk	<p>Ved fornying av IA-avtalen i 2015 vart målet for sjukefråværet at dette ikkje skulle overstige 5 prosent. I 2018 var sjukefråværet for kommunen på 6,5 prosent. Det blir i andre tertialrapport i 2019 mellom anna vist til sjukefråvær på 27 % i flyktningtenestene under NAV, 16,2 % i habiliteringstenesta og 14,2 % i heimetenesta. Det er i hovudsak langtidssjukemeldingar som er årsak til fråværet i desse tenestene. Det blir vist til gode oppfølgingsrutinar for sjukemeldte og einingane har rutinar for dialogmøte, oppfølgingsplan samt oppfølging av gravide arbeidstakrar. Sjukefråvær og utfordringar i samband med dette er månadleg tema på møter i strategisk leiing.</p> <p>I 2017 arbeidde 51,2 % av sysselsette kvinner i alderen 20-66 år i deltidsstillingar i Sveio. Det blir i årsrapporten for 2018 vist til at Sveio kommune, saman med fagorganisasjonane, arbeidar kontinuerleg for å redusere ufrivillig deltidsstillingar. Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 79,7 %.</p> <p>I enkelte avdelingar har det vore utfordrande å rekruttere og behalde medarbeidarar med rett kompetanse. Det blir peika på at kommunen i større grad burde prioritere kompetanseheving og etterutdanning for å halde på dei tilsette.</p> <p>Det går fram at det i nokre einingar er risiko for at vikarbruk kan påverke kvaliteten i tenestene negativt. Det blir vist til at det har vore auka sjukefråvær ved den eine skulen i kommunen, og at spesialundervisninga difor i periodar kan ha gått ut. Ved omsorgssenteret var det per 31.08.2019 overskridingar knytt til vikarutgifter på over NOK 1,4 millionar.⁷</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Høgare kostnadar • Mindre kontinuitet/stabilitet i tenestene • Dårlegare kvalitet i tenestene • Manglande effektivitet og målinnfriing 	

⁶ Funksjonane rådmann, innkjøp, eigedomsskatt, LEAN og lærlingar er òg organisert under rammeområde sentraladministrasjon. Årsrapport 2018 for Sveio kommune.

⁷ Tertiarrapport 31.08.2019 per rammeområde.

Sakshandsaming og vedtaksoppfølging • System for å førebu politiske saker • System for å følge opp politiske vedtak	Kommunen utfører mellom anna kvalitetssikring av saksframlegg og oppfølging av vedtak gjennom sakshandsamingssystemet. Det blir nyttet ei restanseliste intern i administrasjonen for å registrere politiske vedtak. Det blir vist til nokre nylege tilfelle der det blir stilt spørsmål ved om 1) administrasjonen ikkje overheld plikta til å informere til politisk nivå og 2) om det har vore gjort overskridinger av økonomiske rammer utan at dette har blitt politisk vedteke. Det blir vidare stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg kompetanse og ev. gode nok rutinar i administrasjonen slik at alle saker er tilstrekkeleg utgreidde. I spørjeundersøkinga svarar nokre at dei opplever at det i stor grad eller svært stor grad er risiko for svikt og manglar knytt til saksførebuing og rapportering til politisk nivå. Det går fram av årsrapporten 2018 at kommunen arbeider med å sikre effektiv iverksetjing og kontroll med politiske vedtak. Det blei gjennomført ein forvalningsrevisjon av saksførebuing og vedtaksoppfølging i 2018.	• Saker blir ikkje tilstrekkeleg førebudd • Vedtak blir ikkje følt opp
Investeringar • Prosjektplanlegging • Prosjektstyring • Økonomistyring	I tilsendt oversikt over budsjetterte investeringar i Sveio kommune går det fram at det er planlagd investeringar på til saman over NOK 225 millionar. Frå KOSTRA går det fram at brutto investeringsutgifter som del av brutto driftsinntekter i Sveio er på 19 %, mot 14,7 i kommunegruppa. Det blir i fleire intervju vist til at det er risiko knytt til kommunen sine investeringar. Det blir mellom anna vist til at det kunne ha vore føremålstenleg med grundigare økonomisk rapportering. Nokre av dei største investeringane dei komande åra er: <ul style="list-style-type: none">• Badeanlegg. Kommunen har frå 2016 – 2018 sett av NOK 42,5 millionar til badeanlegg. Det var sett av NOK 38,5 millionar i investeringsmidlar til badeanlegg i 2019⁸• Bustadfeltet Sveioåsen 3. Reguleringsplanestimatet tilseier at det er behov for ytterlegare NOK 14,5 millionar for å ferdigstille prosjektet.• Ny barnehage. Prosjektet har ei ramme på NOK 38,5 millionar kroner dei neste 3 åra.• Forbetring av delar av kommunehuset. Det er planlagt å investere NOK 4,7 millionar kroner i 2020 og NOK 10 millionar i 2021.• Det er budsjettert med NOK 5,65 millionar til VAR-investeringar og ein stor sum til vassbehandlingsanlegget i Furuvatn i 2020 og 2021. I tillegg er det sett av NOK 2,5 millionar til kommunale vegar.	• Budsjettoverskridinger • Forseinkingar i gjennomføring av prosjekt • Utilstrekkeleg kvalitet

⁸ Tilsendt oversikt over investeringar i Sveio

Offentlegheit og arkiv <ul style="list-style-type: none"> • Ny kommunelov • Kommunikasjon • Sak- og arkivsystem 	<p>I ny kommunelov er det eigne krav til kommunen si informasjonsplikt.</p> <p>Det blir kommentert i spørjeundersøkinga at dei politiske prosessane i større grad burde bli tilgjengeleggjort for innbyggjarane, mellom anna gjennom strøyming av politiske møte.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Redusert tillit i befolkninga • Regelbrot • Tap av arkivmateriale
	<p>Det går fram av undersøkinga at Sveio i 2020 etter planen skal innføre nytt sak-/arkivsystem, og at dette vil vere eit felles system for alle Haugaland-kommunane. Det blir arbeidd med å standardisere rutinar og malar. Det blir fortalt at det truleg vil bli investert i ein god del opplæring i dette systemet for dei tilsette og at kommunen med dette systemet får eit betre verktøy for arkivfangst.</p> <p>Det går fram at kommunen legg dokument ut i postlista, men at det blir gjort vurderingar saman med jurist dersom det er tvil knytt til dette.</p>	
Målstyring og rapportering <ul style="list-style-type: none"> • Rapportering • Forbetringsarbeid 	<p>Krav til kommunens internkontroll er styrka i ny kommunelov.</p> <p>Fleire av dei intervjua nemner utfordringar knytt til mangelfull rapportering til KOSTRA.</p> <p>Svar i undersøkinga tyder på at det innanfor nokre område i kommunen ikkje er sett tilstrekkeleg klare mål for tenestene.</p> <p>Det kjem vidare innspel om at det manglar skriftlege rutinar for sentrale arbeidsoperasjonar og at kvalitetssystemet og system for melding av avvik ikkje blir nytta på ein god måte.</p> <p>Kommunen starta opp eit forbetringsarbeid knytt til LEAN-organisering i 2017 som ikkje er ferdig. Det går fram at det er tid- og ressurskrevjande å innføre og oppretthalde LEAN i einingane.</p> <p>Det blei gjort forvaltningsrevisjon av internkontroll i 2017.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Mangelfull internkontroll og regeletterleving • Avvik blir ikkje meldt og fanga opp • Risiko for at rutinar ikke oppdaterast i samsvar med regelverk • Risiko for at rutinar ikke er kjent og ikkje blir følgt
Informasjonstryggleik og digitalisering <ul style="list-style-type: none"> • Nye lovkrav knytt til informasjonstryggleik 	<p>Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko.</p> <p>Det går fram at det blir opplevd som om det er høgt fokus på informasjonstryggleik i kommunen og at det er gode rutinar og merksemrd på dette blant dei tilsette. Det blir utført risikovurderinger og vurderingar av personvernkonsekvensar (dpia) i kommunen, det er tilsett personvernombod og det ligg føre personvernerklæring på kommunen sine heimesider.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege • Brot på regelverk

Det er sett av NOK 800 000,- kvart år fram til 2023 til digitalisering av tenester og effektive IKT verktøy i kommunen. I 2020 skal det investerast NOK 1,7 millionar i digital infrastruktur.

Sveio kommune er del av samarbeidsavtalen knytt til samordninga av regional digitalisering (Digi Hordaland) som er leia av Bergen kommune.

Innkjøp

- Innkjøpssamarbeid
- Innkjøpskompetanse
- Rammeavtalar

Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stillar strenge krav til innkjøpar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området.

Sveio kommune inngår i innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, og det blir fortalt at kommunen gjennom dette samarbeidet er del av mange rammeavtalar. Det blir fortalt at kommunen i liten grad har inngått eigne innkjøpsavtalar.

Det blir gjort flest og størst innkjøp innan drift og vedlikehald i kommunen. Leiar for drift og anlegg gjennomfører innkjøp medan oppgåva med å følgje opp innkjøp sentralt har blitt flytta mellom økonomi og lønnskontoret

Hovudinntrykket frå undersøkinga er at kommunen opplever å ha god kontroll på innkjøpsområdet.

- Brot på regelverket
- Kostnadsineffektive innkjøp
- Økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp



Leverandør- og kontraktsoppfølging

- Oversikt over kontraktar
- Kontraktsoppfølging

Sveio kommune brukar ein del konsulentar, særleg når det gjeld prosjekt innanfor bygg- og anleggsarbeid. I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om kontrakt- og leverandøroppfølginga i kommunen er tilstrekkeleg.

Det blir fortalt at det nyleg er tilsett to nye prosjektleiarar innan teknisk/næring.

Som nemnt over er det eit høgt tal investeringsprosjekt i kommunen, og det går fram at dette i hovudsak er innanfor bygg- og anlegg. Det blir nemnt at det er krevjande for organisasjonen å handtere mange prosjekt samtidig, og på bakgrunn av dette blir risiko knytt til oppfølging av leverandørar og kontraktar sett som høg.

- Kontraktsbrot
- Forseinkingar og/eller budsjettsprekki i prosjekt
- Brot på arbeidsmiljølova
- Brot på krav til tariff



Berekraft, klima og miljø

- Ivaretaking av klima- og miljøomsyn i utvalde delar av kommunen eller i kommunen som heilskap
- Planverk

Det går fram at omsyn til naturmangfold er viktig for kommunen si arealplanlegging og ved løyve til tiltak. I 2018 arbeidde kommunen særskilt med seks utvalde tema/område, medan kommunen elles årleg arbeider med saker knytt til ytre miljø og ureining. Vidare har kommunen søkt på klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet.

Det blir vidare vist til at det kommunale planleggingsarbeidet skal tuftast på mellom anna berekraftig utvikling.⁹

- Manglande etterleving av krav i lov og regelverk
- Manglande planar på området



⁹ Planstrategi for Sveio kommune 2016 – 2019 med planprogram for kommuneplanen 2019 – 2031.

Ny klima- og energiplan for kommunen skal vere klar i 2020.¹⁰ Den førre klima- og energiplanen var gjeldande frå 2011 – 2016.

Når det gjeld klimarelaterte utfordringar, så går det i kommunen sin planstrategi fram at Sveio generelt sett ikkje stor risiko for flaum, ras og skred slik situasjonen er i dag, men med endringar i klimaet kan dette biletet endrast. Delar av kommunen kan vere særskilt utsatt for stormflo.

Beredskap

- Planverk, rolle- og ansvarsdeling

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i 2019 eit tilsyn av kommunal beredskapsplikt i Sveio kommune. Det går fram av rapporten at Sveio kommune ikkje tilfredsstiller krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved risiko- og sårbarheitsanalysen og det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiksog beredskapsarbeidet.

- Manglande etterleving av krav i lov og regelverk
- Dårleg beredskap



Ny ROS-analyse skal etter planen vere ferdig sumaren 2020 og handsamast politisk.

Samhandling

- System og rutinar for samhandling

I undersøkinga kjem det fram at det er utfordringar knytt til samhandling mellom nokre av områda i kommunen. Det er mellom anna utfordringar knytt til samhandling mellom flyktningtenesta og vaksenopplæringa innanfor helse- og omsorgsområdet, og nokre utfordringar knytt til samhandling mellom barnevern og skule.

- Manglande måloppnåing
- Manglande regeletterleving
- Ineffektiv ressursbruk



Elles blir det av fleire peika på at kommunen har mykje å hente på å bli betre på samhandling på tvers av tenester og einingar, mellom anna knytt til kvalitet og ressursbruk. Det blir stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg god nok kultur for samhandling i kommunen.

3.2 Oppvekst og kultur

Oppvekst og kultur består av rammeområde skule, rammeområde barnehage og rammeområde kultur.

Rammeområde kultur har ansvar for mellom anna allment kulturarbeid, Sveio folkebibliotek, Sveio kulturskule, «Den kulturelle skulesekken», «Den kulturelle spaserstokken», Sveio Ungdomsråd, idrett og friluftsliv, Fartein Valen-arbeidet (inkludert Fartein Valen Festivalen), drift av Vigdartun i fritidssonen, ulike stønadssordningar, kulturvern og reiseliv.

Rammeområde barnehage består av tre barnehageeininger og rammeområde skule består av fem skuleeininger (den eine skulen er eit oppveksttu med barnehage). Vaksenopplæring etter introduksjonslova og grunnskulelova er organisert under rammområde skule. Fire av fem skular i kommunen gir tilbod om SFO. Elevtalet i Sveio kommune har gått frå om lag 780 elevar i 2014 til 836 elevar for skuleåret 2019/2020.¹¹

¹⁰ Årsrapport for Sveio 2018

¹¹ Årsrapport 2020 og skoleporten.udir.no

Kommunen kjøper Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) frå Haugesund kommune, men det er oppvekstområdet som har ansvar for å følgje opp PPT-arbeidet. Det interkommunale tiltaket «forum for oppvekst i Sunnhordaland» (FOS) er administrert frå Sveio og er organisert under rammeområdet.

Sveio kommunestyre vedtok i 2016 ein *Kvalitetsutviklingsplan for barnehage og skule 2016-2020*. Det går her mellom anna fram at det skal vere særskilt fokus på kompetanseløft i barnehagane knytt til programmet *vera saman*. Det går fram at barnehagane og skulane i kommunen er del av ei ny satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø saman med andre kommunar i Sunnhordland, Fylkesmannen og Norsk Lærarakademi i Bergen.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekst- og kulturområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Tidleg innsats og samarbeid mellom tenester for barn og unge med særlege behov <ul style="list-style-type: none">• Samhandling på tvers av ulike tenester til barn og unge, t.d. barnehage, skule, PPT, barnevern og helse, samt eksterne aktørar som BUP• Kapasitet og kompetanse• Førebygging og tidleg innsats	<p>Kommunen hatt eit prosjekt over mange år for å betre samhandlinga knytt til oppfølginga av vanskelegstilte barn.¹² Det blir nemnt at samhandling knytt til barn og familiar i sårbare situasjonar stadig er eit viktig tema i kommunen og at det burde vere auka fokus på dette.</p> <p>Tal frå Bufdir viser mellom anna at det er høgare del barn med undersøking i forhold til tal innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år i Sveio kommune (7,2 %) enn det som er gjennomsnittet for fylket (4,3 %).</p> <p>Det blir elles av fleire peikt på utfordringar knytt til barn/elever som har utfordringar som tilsette i skulen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse på. Det går fram at det har vore utfordring knytt til barn med svært utfordrande åtferd skuleåret 2019/2020.</p> <p>Det blir nemnt at det etter planen skal innførast årlege kurs for å auke kompetanse og trening hos dei tilsette og leiarane knytt til denne utfordringa.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Brot på lov- og regelverk• Ikkje tilstrekkeleg koordinerte tenester• Fangar ikkje opp barn med behov for tidleg innsats	
Barnehage <ul style="list-style-type: none">• Kapasitet og kompetanse• Pedagognorma	<p>Kommunen peiker på følgande utfordringar innan barnehageområdet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fallande barnetal• Små kommunale barnehagar (høge kostnader per kommunale barnehageplass)• Uteområde (behov for vedlikehald og oppgradering)• Auka kostnader knytt til redusert betaling i barnehage <p>Det går fram av innrapporterte tal til KOSTRA at kommunen ligg om lag likt som gjennomsnittet i kommunegruppa og noko under fylkes-gjennomsnittet når det gjeld del barn frå 1-5 år som går i barnehage.¹³ Om lag 32 % av barna er i kommunal barnehage, medan resten er i private barnehagar. Det har vore noko auke i tal barn i kommunale barnehagar dei siste tre åra, medan det har vore ein tilsvarande nedgang barn i private barnehagar frå 2017 til 2019.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Ikkje tilstrekkeleg gode tenester	

¹² *Betre tverrfagleg innsats* (BTI)

¹³ 92,1 % av barna mellom 1-5 år er i barnehage i Sveio, 92,2 % er gjennomsnitt for kommunegruppa og 93,1 % er gjennomsnittet for tidlegare Hordaland fylke. Tala er frå 2019.

Foreldreundersøkinga 2018 viser at kommunen får dårleg score på ute- og innemiljø og mattilbod i barnehagane. Det er planlagd å bygge ein ny barnehage i Sveio sentrum med byggestart i løpet 2020/2021.

Det går fram at det har vore høgt sjukefråvær i ein barnehage på grunn av utfordringar med arbeidsmiljø, men at kommunen har sett inn tiltak her som dei meiner har betra situasjonen for dei tilsette.

Det er 6,1 barn per årsverk i grunnbemanninga i kommunale barnehagar i Sveio i 2018; snittet i kommunegruppa er på 5,7. I private barnehagar er det 5,9 barn per årsverk, mot 5,8 i kommunegruppa.

I Sveio har 68 % av minoritetsspråklege barn gått i barnehage dei siste fire åra. Dette er godt under gjennomsnittet på 81 % i kommunegruppa.

Sju av dei åtte barnehagane i kommunen oppfyller pedagognorma, medan den siste oppfyller pedagognorma med dispensasjon.¹⁴

Trygt og godt skolemiljø

- Nytt regelverk
- Trivsel

Det blei gjort endringar i opplæringslova frå 1. august 2017 (kap. 9 A) som mellom anna inneber skjerping av skulen og tilsette sine plikter når det gjeld å fange opp og undersøke tilfelle der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Undersøkinga viser at elevar på 7. trinn melder om noko auka trivsel i skulen det siste året samanlikna med tidlegare år. Både elevar på 7. og 10. trinn ligg om lag likt med andre elevar i kommunegruppa når det gjeld trivsel.

Det blir fortalt om få klagesaker til Fylkesmannen og at skulane jobbar godt med oppfølging av meldte mobbesaker. Det blir vidare fortalt at det er godt opplyst om klagerett og høve for dette til dei føresette i skulane. Vidare blir det peika på at det er gode system for å sikre eit trygt og godt skolemiljø og at oppvekstområdet nyleg har hatt ein intern gjennomgang av rutinar knytt til opplæringslova § 9a.

Det går vidare fram at skulane jobbar etter *MOT-programmet* og *Respekt-programmet* og har sett ei positiv utvikling med redusert mobbing dei siste åra.¹⁵

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at ein manglar godkjent plattform/sikker sone for arbeid med tiltaksplanar i saker som omfattar opplæringslova § 9a.

- Barn og unge som ikkje opplever eit trygt og godt skolemiljø
- Brot på regelverk



¹⁴ Dette betyr at barnehagen har tilstrekkeleg med årsverk til pedagogiske leiarar når man inkluderer pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet.

¹⁵ Årsbudsjett 2020 – Drift og investering Økonomiplan 2020-2023.

Kultur	<p>Sveio kommune scorar lågt på fleire kulturindikatorar i kommunebarometeret:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Om lag 1,5 besök i folkebiblioteket per innbyggjar. Gjennomsnittet i kommunegruppa på om lag 5 besök per innbyggjar. • Sveio har tilsett 3,9 kulturarbeidrar per 1000 innbyggjarar. I kommunegruppa er gjennomsnittet 5,6. • Del elevar som går på kommunen sin musikk- og kulturskule er 12,8 % i Sveio kommune, mot gjennomsnittet for kommunegruppa på 23,7 %. <p>Det går fram at det har vore gjort ombyggingar og innført løysingar som skal syte for at biblioteket skal vere ein meir attraktiv stad for innbyggjarane. Vidare planlegg kommunen å utvida kulturskulen sine tilbod slik at det er eigna for større grupper. Det går fram at kulturskulen sine lokalar ikkje er like godt eigna for alle aktivitetar. Det går også fram at kommunen ønskjer at kulturskulen skal utvide til å mellom anna gi tilbod i SFO.</p> <p>Videre går det fram av undersøkinga at det er behov for styrka finansiering når det gjeld Fartein Valen-festivalen, og generelt sett er det behov for å søkja eksterne midlar til delfinansiering av kulturtiltak.</p> <p>Det blir opplyst at på grunn av små rammer er det ikkje alltid tilfelle at den eksterne finansieringa frå stat og fylke går til konsertproduksjon i Fartein Valen-festivalen, sjølv om ekstern finansiering er meint for konsertproduksjon.¹⁶</p> <p>Vidare blir det stilt spørsmål ved transparens i Fartein Valen-stiftinga og også eigarskapsrolla til kommunen knytt til Ryvarden kulturfyr.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ueigna lokale • Mangelfullt fritidstilbod til barn og unge 
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	<p>Frå kvalitetsutviklingsplanen til kommunen knytt til skule og barnehage går det fram at Sveio i fleire år har hatt særskilt fokus på opplæring innanfor språk og lesing. Det blir likevel kommentert i planen at det framleis er mykje spesialundervisning på dei øvste grunnskuletrinna.</p> <p>I KOSTRA-tala går det fram at 7,2 % av elevane i kommunen fekk spesialundervisning i 2019, mot 8,4 % i kommunegruppa. I 2017 var det 10 % av elevane i Sveio som fekk spesialundervisning.</p> <p>Størst prosentdel var det på årstrinna 8.-10.; her fekk 9,5 % spesialundervisning i Sveio i 2019. Snittet i kommunegruppa for same årstrinn var 9,9 %.</p> <p>I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om sakshandsaminga og oppfølginga av vedtak innan oppvekstsektoren blir gjort riktig.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på regelverk • Ikke tilfredsstillande oppfølging 

¹⁶ Økonomiplan 2020-2023.

Kvalitet i grunnskulen	Sveio kommune ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld skulebidrag ¹⁷ 1.-4. trinn, og har gjort det dei siste 5 åra. Når det gjeld 5.-7. trinn har kommunen gått frå å ligge om lag likt som landsgjennomsnittet til å ligge litt over gjennomsnittleg landsnivå dei siste to åra. Dei nasjonale prøvane i 10. trinn viser at kommunen har bevega seg frå resultat godt under landssnittet i 2014/2015 til å ligge om lag likt som gjennomsnittet dei siste tre åra. ¹⁸	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på regelverk • Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i tenestene 
Skulefritidsordning	<p>Det blei gjort endringar i opplæringslova med verknad frå 1. august 2018 som stiller nye krav om tidleg innsats for elevar på 1.-4. årstrinn.</p> <p>Kommunen oppfyller nasjonal norm for lærartettheit (15 elevar per lærar for 1.-4 trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-7. og 8.-10. trinn).</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i tenestene • Manglante mål for området 

3.3 Tekniske og næring

Rammeområdet teknisk og næring omfattar to einingar: plan og næring og drift og anlegg. Teknisk og næring har også oppgåver knytt til oppfølging av Haugaland brann og redning IKS.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er mellom anna planlegging, eigedomsdeling, adressetildeling, byggesaker, dispensasjonar, landbruk, miljøsaker og vassforvaltning.

Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av mellom anna kommunale vegar, park og grøntanlegg og arbeid knytt til miljø og reinhald, samt sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon.

¹⁷ Skulebidrag indikerer kor mykje skulen har bidratt til elevane si læring i dei grunnleggande faga som blir testa på nasjonale prøvar på 5. trinn, 8. trinn og 10. trinn samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå.

¹⁸ Tala er henta frå skoleporten.udir.no

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/mogelige konsekvensar	Risiko
Byggesak • Oversikt over saker • Sakshandsamingstid • Service og rettleiing	<p>Kommunen sine innrapporterte tal til KOSTRA viser at om lag halvparten av innvilga byggesøknader i kommunen i 2019 skjedde gjennom vedtak om dispensasjon frå plan. Dette er godt over gjennomsnittet for kommunegruppa som ligg på 20 %.</p> <p>Det går vidare fram at kommunen ikkje har utført tilsyn for byggeverksemど som er unntatt søknadsplikt i 2018 og 2019.</p> <p>Undersøkinga viser at gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med 12 veker frist har gått ned frå 23 dagar i 2018 til 2 dagar i 2019 og at kommunen handsamar byggesaker med 2 vekkers frist i samsvar med fristen.</p> <p>Det går fram gjennom intervju at det er ei oppleving av at sakshandsaminga innan byggesak blir gjort i samsvar med regelverket</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på regelverk • Omdømetap ved feil i saksbehandling 	
Vedlikehald av kommunale bygg og vegar • Etterslep på vedlikehald • Klima og miljø • CO2 utslepp	<p>Det går fram at det er ei utfordring for kommunen å halda tilstrekkeleg vedlikehald på kommunale bygg og vegar. Løypande avtalar tar større del av budsjettet og som konsekvens har det blitt mindre midlar til verdibearande vedlikehald og eit auka vedlikehaldsetterslep. Dei seinare åra har vintervedlikehald av vegane medført større utgifter enn budsjettert.¹⁹</p> <p>I undersøkinga er det særskilt bygningsmasse og ventilasjon på skulane som blir peika ut til å ikkje vere i samsvar med krav. Det går vidare fram at det er trong for oppgradering av uteareala i alle dei kommunale barnehagane.</p> <p>Det blir også peika på at kvaliteten på dei kommunale bustadane er varierande.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Verditar for kommunen • Trafikktryggleik • Brot på regelverk • HMT-risiko for tilsette og elevar 	
Planarbeid • Kapasitet • Rekruttering • Forseinka planar	<p>Det går fram at det er utfordringar knytt til framdrift i planarbeidet i kommunen og at dette er særskilt knytt til kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum.²⁰ Det blir fortalt at noko av bakgrunnen til dette er mange prosjekt og oppgåver avdelinga og manglande kapasitet. Det har vore nokre utfordringar med å rekruttere til nokre typar fagstillingar. Det blir fortalt at det no blir arbeidd med kommuneplan og arealdelen og at det er to områdeplanar ute på høyring.</p> <p>Gjeldande kommuneplan blei vedteke i 2011.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på regelverk • Omdømetap • Redusert tillit i befolkninga 	

¹⁹ Økonomiplan 2020-2023 – drift og investering²⁰ Denne blir kalla *sentrumsplassen*

Det går fram at det er eit høgt tal pågåande prosjekt og arbeidskrevjande planar i avdelinga sett opp mot tilgjengeleg bemanning og at dette skaper utfordringar knytt til å halda ønskja framdrift i alle prosjekt og planar.²¹

Det blir vidare peika på at det i samband med bygging av ein ny veg i kommunen har vore holdt folkemøte med høg temperatur, der innbyggjarane har gitt uttrykk for at dei ikkje har blitt tatt omsyn til i planprosessen.

Vatn og avløp

- Gamle leidningsnett
- Auka kostnader til kjøp av vatn

I budsjettet 2020 går det fram at det er viktig å bytte ut gamle leidningsnett som har leidningsbrot for å unngå etterslep. Data frå kommunebarometeret viser at 0,1 % av vassleidningsnettet er fornøya dei siste 3 åra, medan gjennomsnittet for kommunegruppa er 0,6 %.

- Kvalitet på drikkevatn
- Kostnader og ev. skader knytt leidningsbrot

Kostnadane knytt til kjøp av vatn frå Haugesund aukar, og kommunen vurderer difor om dei skal forlenge avtalen frå 2021 eller produsere meir vatn sjølv. Det er sett i gang eit forprosjekt for å kartlegge drikkevasskjelda Furuvatn.

Det går fram i intervju at det den siste tida har vore høgt fokus på vassforsyning i kommunen og at det blir utført jamlege vurderingar og kontroll av anlegg.



3.4 Helse og omsorg

Det er fem rammeområder knytt til Helse og omsorg i kommunen: Fellestenester (tenestekontor, to legekontor, helsestasjon, psykisk helse, butiltak psykisk helse), Barnevern, Pleie og omsorg, Habilitering og NAV med flyktningavdeling.

Barnevernstestenesta har felles barnevernvakt utanom ordinær arbeidstid, med Tysvær og Vindafjord kommunar. Tysvær er vertskommune for barnevernvakta.

Sveio kommune tilbyr Helsestasjon for ungdom gjennom eit interkommunalt samarbeid med kommunane Haugesund og Tysvær. Helsestasjon for ungdom held til i Haugesund kommune og har tilgjengeleg lege, helsesøster og psykolog.

Pleie og omsorg deltar i Prosjektet Velferdsteknologi saman med ni andre kommunar på Hordalandet. Prosjektet er retta mot å finne teknologi som kan brukast i omsorgstenesta.

²¹ Økonomiplan 2020-2023 – drift og investering

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til helse og omsorg

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Barnevern • Utgifter • Mangel på fosterheimar • Bemannning og høgt arbeidspress	<p>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av barnevern i førre planperiode (2019)</p> <p>I spørjeundersøkinga er det fleire som stiller spørsmål ved om det er utfordrande å nå mål innanfor barnevern på grunn av høgt arbeidspress.</p> <p>Det blir vist til utfordringar knytt til innfriing av budsjettmål i barnevernstenesta.</p> <p>Det går fram at det er utfordrande å finne fosterheimar til barn som har behov for det. Det blir også peika på i både årsrapport 2018 og budsjett 2020 at fagmiljøet i barnevernet er lite og opplever stadig fleire og meir komplekse saker. Tenesta har eit høgt tal saker pr. sakshandsamar.</p> <p>I 2019 hadde Sveio kommune NOK 6 124,- i netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppa var NOK 8770,-.</p> <p>Det går fram av kommunebarometeret at Sveio har 3,4 årsverk stillingar med fagutdanning per 1000 mindreårige. Gjennomsnittet for kommunegruppa er 4,9 årsverk. Det går vidare fram at kommunen har 25 barn med tiltak/undersøking per årsverk, medan gjennomsnittet for kommunegruppa er om lag 20 barn.</p> <p>Tal frå KOSTRA viser at 6 % av barna (0-17 år) i kommunen har melding, mot 4,8 % i kommunegruppa. Tilsvarande for undersøkingar er 7,2 % i kommunen, mot 4,9 % i kommunegruppa.</p> <p>Vidare går det fram i KOSTRA at 3,3 % av barna (0-22 år) i Sveio har barnevernstiltak, mot 4,2 % i kommunegruppa.</p> <p>Alle barna med hjelpetiltak frå barnevernet har tiltaksplan. Kommunen braut fristen i 7,7 % av undersøkingssakane i 2019.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Manglande etterleving av regelverk Kostbare tenester Mål som ikkje blir nådd Barn som ikkje får sikra rettane sine 	
Pleie og omsorg • Kompetansebygging • Korttidsplassar til rehabilitering • Heimebuande eldre • Reformar og nye ansvarsområde • Tildeling av tenester • Forsvarleg drift	<p>Det går fram at kommunen har eit auka behov for å tilby aktivitetar for heimebuande eldre på dagsenteret. I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved tenestetilbodet på dagsenteret mellom anna på bakgrunn av kompetanse. I intervju blir det peika på at det har vore arbeidsmiljøutfordringar på dagsenteret, men at det er sett inn tiltak som er venta å betre denne utfordringa.</p> <p>Det går fram at tal døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar per 10.000 innbyggjarar låg på om lag 147 døgn i 2019, noko som er ei auke på omkring 100 døgn frå året før. Gjennomsnittleg tal døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar er på om lag 129 døgn i kommunegruppa.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for brot på regelverk Mangelfulle tenester 	

Det er eit auka behov for kompetanse, eit breitt tenestetilbod og ressursar for å tilfredsstille dei ulike målgruppene innanfor pleie og omsorg. Som følgje av overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta har kommunen fått ansvar for nye brukargrupper med komplekse utfordringar. Vidare går det fram at brukargruppa med demens er i sterk vekst og at det er vanskeleg å tilby tenester i heimen for denne brukargruppa. Dette vil auke presset på plassar for demente på omsorgssenteret.

Det går fram at det er svært krevjande for einingane innan pleie og omsorg å halde seg innanfor dei innanfor dei økonomiske rammene som blir gitt og at utfordringane knytt til økonomi truleg berre blir større dei neste åra.

Kommunen har om lag fem mottakarar av BPA²², støttekontakt og omsorgslønn per 1000 innbyggjar, medan gjennomsnittet for kommunegruppa er om lag 13 brukarar per 1000 innbyggjarar.

Det går vidare fram at 12,9 % av opphold på sjukeheim er korttidsopphold, mot eit gjennomsnitt på 15,9 % i kommunegruppa.

Ein forvaltningsrevisjon innan pleie og omsorg kan ta for seg fleire av dei nemnte utfordringane eller det kan gjennomførast eigne forvaltningsrevisjon innan bestemte tema/delar av tenestene.

Habilitering

- Bruk av tvang og makt
- Ressurs-krevjande brukarar
- Rekruttering
- Sjukefråvær

Kommunen viser til utfordringar knytt til rekruttering innan helse og omsorg, og at det innan habiliteringstenesta er eit behov for fleire faglærte. Det blir i intervju vist til at kommunen har eit høgt tal funksjonshemma- Det blir vist til at kommunen har gjort ei kartlegging av framtidige brukarar av habiliteringstenesta og at det mest sannsynleg vil blir fire nye brukarar av kommunen sine butiltak dei neste ti åra.

Det går fram at habiliteringstenesta har utfordringar knytt til å halde budsjettet, og eininga hadde eit avvik på 3 millionar i 2018. I andre tertialrapport for 2019 går det fram at tenesta har sjukefråvær på til 16,2 %.

- Det er behov for meir kompetanse innanfor områda tvang og makt i kommunen. Kommunen blei meldt til politiet for to tilfelle knytt til bruk av vald i habiliteringstenesta i 2019. Det har i etterkant av dette vore fokus på å dokumentere opplæring knytt til bruk av tvang og makt, det har mellom anna blitt utarbeidd ei sjekkliste der opplæringa for dei tilsette blir registrert.

- Brot på regelverk
- Mangelfulle tenester
- Høg ressursbruk

²² Brukarstyrt personleg assistanse.

Det blir vist til at vald og trugslar er ei vedvarande utfordring for fleire av tenestene innan Helse og omsorg.

Vidare blir det peika på at kommunen ikkje får refusjon for ressurskrevjande brukarar når dei er over 67 år, noko som vil krevje mykje økonomiske ressursar frå 2019, da fleire brukarar blir over 67 år og har behov for tenester.

Fylkesmannen gjennomførte eit tilsyn i kommunen i 2013, der det mellom anna går fram at det systematisk blei brukt tvang overfor ein tenestemottakar utan at tvangen var overprøvd og godkjend av Fylkesmannen. Vidare blei det funne at det var mangelfulle rutinar for å informere overordna fagleg ansvarleg om bruk av tvang.²³

Tenestekontoret

- Sakshandsaming
- Etterleving av rutinar og regelverk

Tenestekontoret i Sveio blei oppretta i 2014. Tenester vert gitt etter vedtak gjort av tenestekontor etter prinsippet bestillar/utførarmodell.

Det blir stilt spørsmål ved om rutinar og retningslinjer blir etterlevd i tenestekontoret. Det har vore utarbeidd felles rutinar for sakshandsaming, men erfaringar tilseier at dette ikkje alltid blir etterlevd.

Det blir vidare peika på utfordringar knytt til kvalitetssikring av vedtak ved å mellom anna ha gode ordningar og rutinar for evaluering av vedtak til dømes når det gjeld heimeteneste og praktisk bistand.

Frå 2020 er det lovpålagt å tilby eit dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Det går ikkje fram av innrapporterte tal om kommunen har gjort vedtak på dagaktivitet til heimebuande personar med demens.

Det er i snitt tildelt 2,6 timer med heimesjukepleie i veka per mottakar i kommunen. I kommunegruppa er snittet 4,81 timer i veka.

- Redusert tillit blant brukarar, pårørande og tilsette
- Brot på regleverk



Helsestasjons- og skulehelseteneste

- Tenestetilbod i samsvar med føringar og regelverk
- Oppfølging av barn og ungdom

Helsestasjons- og skulehelsetenesta er pålagt nye oppgåver i forskrift og nasjonale faglege retningslinjer frå 2017, med fleire oppgåver som skal gjennomførast i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Det blir vist til at det er svært positivt at skulen har eigen psykiatrisk sjukepleiar som del av skulehelsetenesta. Det blir likevel stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg førebyggande psykisk helsearbeid blant barn og unge i kommunen. Innrapporterte tal frå kommunen viser at netto utgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste per innbyggjar 0-5 år ligg lågare enn det som er gjennomsnittet for kommunegruppa.²⁴

- Mangelfull etterleving av nasjonale føringar
- Brot på regelverk
- Mangelfullt tilbod



²³ Rapport frå tilsyn med Sveio kommune 2013. Fylkesmannen i Hordaland. <https://www.helsetilsynet.no/historisk-arkiv/tilsynsrapporter/hordaland-arkiv-tilsynsrapporter6/2013/sveio-kommune-barn-og-unge-koordinerte-tenester-2013/>

²⁴ Sveio kommune brukte i 2019 om lag NOK 8900,- medan snittet for kommunegruppa ligg på om lag NOK 11000,-.

	<p>Det går fram at kommunen har utfordringar knytt til å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet i helsestasjons- og skulehelsetenesta i samsvar med nasjonale føringar og lokale tilhøve.</p> <p>Innrapporterte tal frå kommunen viser at Sveio kommune dei tre siste åra i hovudsak ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld del barn som har fått gjennomført heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst, undersøking ved 8. leveveke, 2-års og 4-årsalder og på 1. trinn i grunnskulen.</p>	
NAV/ flyktningtenesta	<p>I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om kommunen har eit tilstrekkeleg tilbod til flyktningar som er busett i kommunen, og det blir særskilt peika på at det verkar å vere mangel på bustader til denne gruppa. Det blir vist til at det har vore fleire tilfelle der familiær har blitt flytta vekk frå skule, etablert nettverk mm. på grunn av til dømes skader på bustad som følge av brann.</p> <p>Undersøkinga viser at kommunen sin Flyktningplan skal opp til handsaming i 2020 og at flyktningtenesta mest sannsynleg ikkje blir vidareført pga. mindre behov.</p> <p>Det blir peika på utfordringar knytt til samhandling mellom Flyktningtenesta og vaksenopplæringa.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Mangelfulle tenester • Manglande eigna bustadar 
NAV/sosiale tenester	<p>Sveio kommune har hatt høg arbeidsløyse over lengre tid og fleire som nyttar økonomisk sosialhjelp. Det er mange flyktningar som mottek økonomisk sosialhjelp, og unge rusmisbrukarar er ei aukande utfordring. Det blir opplyst at NAV hadde overforbruk i 2018 knytt til sosiale tenester, og at budsjettet ikke er realistisk i forhold til mottaket dei har til ei kvar tid.</p> <p>Kommunen ligg noko over gjennomsnittet for kommunegruppa når det gjeld prosentdel unge mellom 18 og 24 år som mottar økonomisk sosialhjelp (9 % mot 7,8 %).</p> <p>12,5 % av mottakarane av sosialhjelp i kommunen har dette som hovudinntektskjelde. Også dette er noko høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppa (11,5 %).</p> <p>Det blei gjennomført eit tilsyn med NAV i 2016. Tilsynet omfatta tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år, og det blei peika på to avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen mangla felles praksis for kartlegging og oppfølging ved søknader om økonomisk stønad for personar mellom 17 og 23 år. Dokumenteringa var heller ikkje avklart. 	<ul style="list-style-type: none"> • Høge kostnadar • Budsjettoverskriding • Mangelfulle tenester til unge brukarar 

- NAV Sveio har ikkje sett i verk systematiske tiltak for sjå til at søknadar frå personar mellom 17 og 23 år blir avgjort etter ei konkret og individuell vurdering.²⁵

I datainnsamlinga blir det opplyst at det har vore forseinkingar knytt til rapporteringa av NAV sine utbetalingar.

Psykisk helse- og rustenester

- Butilbod
- Auka behov for tenester
- Kompetanse

Det går fram at kommunen har utfordringar knytt til å finne bustadar med tilstrekkeleg tilsyn og omsorg for vanskelegstilte grupper som har problem knytt til psykisk livsproblematikk, kriminalitet og rus.

Talet på barn og unge som slit psykisk i Sveio aukar, og det er auka behov for rettleiing og støtte til barn/unge og deira pårørande. Kommunen viser til eit behov for å styrke kompetansen innanfor rus og psykisk helse.

Det blei gjennomført eit tilsyn i 2018 knytt til helse og omsorgstenester og sosiale tenester i Nav til personar med samtidige rusmiddelproblem og psykisk lidning. Ved tilsynet kom det ikkje fram opplysningar som tilseier at krav i sosial- og helse- og omsorgslovgjevinga er brotne.²⁶

I intervju blir det peika på at Psykisk helse og rus jobbar godt inn mot skulehelseteneste på skulane.

Utifrå rapporterte tal til KOSTRA går det fram at kommunen ligg over eller om lag likt gjennomsnittet for kommunegruppa når det gjeld fagutdanna²⁷ per 10 000 innbyggjarar.

- Brot på regelverk
- Mangelfullt tilbod til personar med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse



²⁵ Rapport frå tilsyn med Nav Sveio kommune 2016. Fylkesmannen i Hordaland. <https://www.helsetilsynet.no/tilsyn/tilsynsrapporter/hordaland/2016/sveio-kommune-sosiale-tenester-til-personar-mellan-17-og-23-ar-2016/#4Kvatisynetomfatta>

²⁶ Fylkesmannen i Hordaland: <https://www.helsetilsynet.no/tilsyn/tilsynsrapporter/hordaland/2018/sveio-kommune-helse-og-omsorgstenester-og-sosiale-tenester-i-nav-til-personar-med-samtidig-rusmiddelproblem-og-psykisk-lidning-2018/>

²⁷ Årsverk av psykiatrisk sjukepleiar, personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og vidareutdanning i rusarbeid.

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnssnytten
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontroll- og kvalitetsutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekkja mogleg risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdeskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Sveio kommune har eitt heileigd selskap, ni selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og ni selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslängar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Sveio kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneholder selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigmeld saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Sveio kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneholder oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontroll- og kvalitetsutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Vassbakken 2 AS			
Selskapet sitt føremål	Vassbakken 2 driv innanfor drift og utleige av idrettsanlegg. Selskapet blei etablert i 2015, og er heileigd av kommunen.		
Eigardel:	100 %		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at verksemda har låg og minkande eigenkapital, har blitt drive utan inntekter dei siste åra, med negativt resultat før skatt, og med ikkje tilfredsstilande likviditeten og låg soliditeten.		
	• Heileigd av kommunen	• Omdøme	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	6	8	11
Inntekter	0	0	4
Resultat før skatt	-2	-3	-7
Likviditet	1	1	1
Soliditet	0,23 %	0,30 %	0,42 %

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS			
Selskapet sitt føremål	Selskapet er eit interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiling.		
Eigardel:	12,50 %		
Nøkkelpunkt	Selskapet er eigd av åtte sunnhordlandskommunar som kvar har ein eigarbrøk på 12,5 %. Nøkkeltala viser at selskapet har hatt solid økonomi dei siste åra.		
	• Omdøme	• Delt offentleg eigarskap	• Samfunnsansvar
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1949	1 652	1 494

Inntekter	3 870	3 664	3 642
Resultat før skatt	297	157	309
Likviditet	11,41	9,08	8,53
Soliditet	28,52 %	29,05 %	26,57 %

Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS

Selskapet sitt føremål Eigardel: 9,17 %	Føremålet til selskapet er innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane og bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
Nøkkelpunkt	<p>Selskapet har stabil økonomi og har auka eigenkapitalen og inntektene dei siste åra. Sveio eig selskapet saman med seks andre kommunar i regionen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Delt offentleg eigarskap • Omdøme • Stabil drift • Vesentlege verdiar • Samfunnkskritiske tenester <p>Det blei gjort selskapskontroll av selskapet i 2012.</p> <p>Selskapet har eigarinteresser i Slab AS (6,72 %) og Rekom AS (4,18 %). Desse fell ikkje under kommunelova §§ 23-6 og 24-10 pga. innslag av private eigarinteresser.</p>

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
